

Sjå adresseliste

Dato: 02.05.2016  
Vår ref.: 2014/8-30  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.: «REF»

## Svar på søknad om tilskot til kommunal trafikksikringsplan 2016

Det vert vist til dykkar søknader om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Innan fristen den 1. april 2016 var det motteke søknader frå fire kommunar.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) handsama i sitt møte den 27. april 2016 sak PS 16/2016 *Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2016*. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fjell kommune får tildelt tilskot på kr 30.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.*
2. *Jondal kommune får tildelt tilskot på 120.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.*
3. *Kvinnherad kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.*
4. *Odda kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.*

Møteprotokoll og saksframlegg til sak PS 16/2016 finn ein her:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=477>

I samband med prosjektet Trafikksikker kommune har Trygg Trafikk utarbeidd en mal til kommunal trafikksikringsplan. Denne finn de vedlagt som eit eksempel på korleis trafikksikringsplanen kan utarbeidast.

Vidare ber fylkeskommunen om å få vere høyringsinstans når forslag til kommunal trafikksikringsplan vert sendt på høyring, samt at endeleg plan også vert sendt fylkeskommunen.

### Kort om tilskotsordninga

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for trafikksikring i Hordaland er det sett at eigne midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Dette er lagt opp som ei tilskotsordning der Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) handsamar søknadane og gjer vedtak. Totalt var det løyvd kr 500.000,- til kommunale trafikksikringsplanar i 2016.

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Adresseliste:

Fjell kommune  
Jondal kommune  
Kvinnherad kommune  
Odda kommune